

SAKSFRAMLEGG

Saksbehandlar: Aina Tjosås	Arkivkode: Q33
Arkivsaksnr.: 11/2492	JournalpostID: 14/1468

Saksnr: 05/2014	Utval: Os kommunestyre	Dato: 28.01.2014
---------------------------	----------------------------------	----------------------------

Høyringsuttale i samband med utvida bompengepakke - Stord vestside**Administrasjonen sitt framlegg til vedtak:**

Os kommunestyre har 28. januar 2014 handsama høyringssak kring søknad om utviding av perioden for bompengeskatt på ferjesambandet Halhjem – Sandvikvåg i ytterligare to år, fram til 1. januar 2017.

For Os kommune er E 39 fyrst og fremst viktig som stamveg Bergen – Stavanger, og sjølv om kommunen har forståing for nokre av argumenta for utviding av perioden finn ein det likevel rett å avslutte innkrevinga i tråd med fastsett tidspunkt 31.12.2014. I denne samanheng vil Os kommune gjere merksam på at innkrevjingsperioden allereie har vore utvida to gonger i høve opprinneleg plan. Terje Hatvik (V) kom med følgjande endrings- og tilleggsframlegg:

Siste setningen er endra og gjeve eit tillegg:

I denne samanheng vil Os kommune gjera merksam på at innkrevjingsperioden til utbetring av Fv 545 gjennom Fitjar allereie har vore utvida to gonger i høve til opprinneleg plan. I tillegg finn Os kommune det noko påfallande at ferjesambandet Husavik-Sandvikvåg ikkje ligg inne i bompengesøknaden, all den tid reisande til og frå Austevoll også trafikkerer Fitjar.

Os, den 16.01.2014

Knut Terje Rekve
Rådmann

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiar

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset Torggata 7 Pb.84, 5202 Os	Sentralbord: 56 57 50 00 Telefax: 56 57 50 01 Dir. innval: 56575043	postmottak@os-ho.kommune.no www.oskommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388 Org.nr.: 844 458 312

Behandling:

Venstre sitt framlegg fekk 5 røyster (2V, 2Krf, 1Sp) og fall.

Administrasjonen si innstilling fekk dermed 30 røyster og vart vedteke.

OS KOMMUNESTYRE 28.01.2014, Sak 05/2014 -Vedtak:

Os kommunestyre har 28. januar 2014 handsama høyringssak kring søknad om utviding av perioden for bompeng einnkrevjing på ferjesambandet Halhjem – Sandvikvåg i ytterligare to år, fram til 1. januar 2017.

For Os kommune er E 39 fyrst og fremst viktig som stamveg Bergen – Stavanger, og sjølv om kommunen har forståing for nokre av argumenta for utviding av perioden finn ein det likevel rett å avslutte innkrevinga i tråd med fastsett tidspunkt 31.12.2014.

I denne samanheng vil Os kommune gjere merksam på at innkrevjingsperioden allereie har vore utvida to gonger i høve opprinneleg plan.

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiar

ADRESSE

TELEFON

WEB/EPOST

INFO

Rådhuset

Sentralbord: 56 57 50 00

postmottak@os-ho.kommune.no

Bankgiro: 3201.48.86388

Torggata 7

Telefax: 56 57 50 01

www.oskommune.no

Org.nr.: 844 458 312

Pb.84, 5202 Os

Dir. innval: 56575043

Vedlegg:

- Søknad om utviding av bompengerperioden for E39 Haljkem - Sandvikvåg - merknad frå Statens vegvesen
- Søknad

Saksopplysningar:

Etter initiativ frå Stord kommune er det utarbeida ein søknad i samarbeid mellom Stord og Fitjar kommunar og Statens vegvesen om utviding av bompengerperioden for innkrevjing av bompengar på E39 Halhjem – Sandvikvåg med ytterligere to år til 1. januar 2017. Søknaden følgjer vedlagt.

Søknaden er sendt til lokalpolitisk handsaming i kommunane Fitjar, Stord og Os. Når vedtak ligg føre frå kommunane vert saka sendt Hordaland fylkeskommune. Søknaden vert deretter sendt Statens vegvesen ved Vegdirektoratet for vidare handsaming.

Bakgrunnen for søknaden er at det manglar finansiering til nødvendig ferdigstillelse av fv 545. Ved ei utviding av bompengerinntektinga til og med 2016 vil den opphavlege bompengepakka skissert i Prop. 149 S (2011-2012) vere mogleg å realisere. Ein vil då kunne byggje ny bru på Sagvåg, utbetre strekninga Rimbareid – Vik med tilhøyrande gang- og sykkelveg samt utbetre strekninga over kommunegrensa og anna mindre arbeid.

Innkrevjingsperioden var opprinneleg fastsett til 6 år, til utgangen av 2008. Seinare vart perioden utvida 4 år og i 2012 ytterligere 2 år. Med den nye utvidinga som ein no søker om, vil samla innkrevingsperiode vere 15 år, frå 1.januar 2002 til 1. januar 2017.

Os formannskap handsama 6. september 2011 høyringssak vedrørende førre utviding av innkrevingsperioden på ferjesambandet Halhjem – Sandvikvåg for perioden fram til 2015. Følgjande framlegg vart samrøystes vedteke:

Os formannskap har 6. september 2011 handsama høyringssak vedk. eventuell utviding av perioden for bompengerinntekting på ferjesambandet Halhjem – Sandvikvåg. For Os kommune er E 39 fyrst og fremst viktig som stamveg Bergen – Stavanger, og sjølv om kommunen har forståing for nokre av argumenta for utviding av perioden finn ein det likevel rett å avslutta innkrevinga i tråd med fastsett tidspunkt 31.12.2012. I denne samanheng vil Os kommune gjera merksam på at innkrevjingsperioden allereie har vore utvida i høve til opphavleg plan.

Slik Os kommune vurderer det er situasjonen i dag mykje lik slik den var sist utviding av innkrevjingsperioden vart handsama og forslag til vedtak er derfor i samsvar med vedtak gjort i 2011.

Os, den 16.01.2014

Aina Tjosås
Plan- og utviklingssjef

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og treng derfor ikkje underskrift av leiar

ADRESSE	TELEFON	WEB/EPOST	INFO
Rådhuset	Sentralbord: 56 57 50 00	postmottak@os-ho.kommune.no	Bankgiro: 3201.48.86388
Torggata 7	Telefax: 56 57 50 01	www.oskommune.no	Org.nr.: 844 458 312
Pb.84, 5202 Os	Dir. innval: 56575043		